



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

Alver kommune
Postboks 4
5906 Frekhaug

Martin Kulild

Dato: 18.11.2021

Vår ref: 20/03875-4

Dykkar ref:

Søknad om tilskot til ekstraordinære utgifter til straum 2021/2022

Straumprisen er no svært høg, og det er forventa at den skal vere høg resten av vinteren. Det gir store ekstrautgifter for Alver kyrkjelege fellesråd, som har ansvar for 14 kyrkjer, fleire kontorlokale og andre bygg. Meirutgiftene er berekna til om lag kr 500.000,-.

Vi har allereie gjort mange tiltak for å redusera utgiftene. Vi samlar aktivitetar på færre dagar for å avgrense oppvarmingsbehov, og vi flyttar aktivitetar ut av kyrkjene til kyrkjelydshus o.l. Nattlys er slått av ved gravplassar og kyrkjer, og øydelagde omnar og termostatar er blitt reparert. Nokre kyrkjer har fjernstyring av varme som også kan redusera straumforbruket.

Fellesrådet bestemte den 15.11 at brukstemperaturen i kyrkjene skal reduserast til 19 C. Einskilde kan oppleve 19 gradar som for kaldt, men vi trur alternativet på sikt er verre.

Det blei samtidig konstatert at sjølv om vi gjennomfører sparetiltak, så er det ikkje nok. For 2021 + 1. kvartal 2022, så er det berekna at vi kan få ei straumrekning på meir enn 500.000 kr over det vi har budsjettet. Med den stramme driftsøkonomien vi har frå før, så er dette svært vanskeleg å handtera. Vi registrerer at kommunen er vel kjent med problematikken for eigen del.

Fellesrådet gjorde den 15. november vedtak om å søke Alver kommune om ekstra straumtilskot. Vi søker med dette Alver kommune om ei ekstraløyving på kr 500.000,.

Med helsing

John Fredrik Wallace
Kyrkjeverje

[Click here to enter text.](#)

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Postadresse:
Lonsvegen 1
5914 ISDALSTØ

E-post: post.alver@kyrkja.no
Web:
Org.nr.:923026150

Telefon:
Telefaks:

Sakshandsamar
John Fredrik Wallace
+47 48284872

Alver kommune, Martin Kulild

Postboks 4

5906 Frekhaug

Mottakere:
Alver kommune

Postboks 4

5906 Frekhaug